



NORDRE LAND KOMMUNE

MØTEINNKALLING FOR FORMANNSKAPET

TID: 31.08.2016 kl. 08.30

STED: FORMANNSKAPSSALEN, 2. ETG., RÅDHUSET

Gruppemøte: kl. 08.00

Eventuelle forfall meldes på telefon 61 11 60 46

Varamedlemmer møter etter nærmere avtale.

SAKSLISTE:

Sak nr. Innhold:

75/16

ORIENTERINGER

76/16

DELEGERTE SAKER

77/16

PLANSTRATEGI

78/16

**PROSJEKT OM SAMARBEID MELLOM OFFENTLIG OG PRIVAT SEKTOR OM
VELFERDSTJENSTER (CONNECTED LIVING)**

79/16

MEDLEMSKAP I FJELLNETTVERKET

80/16

SØKNAD OM MIDLER TIL MARKEDSFØRING AV TOUR DE SYNNEFJELL 2016

81/16

SØKNAD OM TILSKUDD TIL UTVIKLING AV TAPETFIRMA NORSK ARV AS

82/16

SØKNAD OM TILSKUDD FRA NÆRINGSFOND

83/16

REVISJON AV KOMMUNENS EIERSKAPSPOLITIKK 2016

NORDRE LAND KOMMUNE, den 23. august 2016

.....
Ola Tore Dokken
ordfører

Lnr.: 10461/16
Arkivsaksnr.: 16/1570
Arkivnøkkel.: 033

Saksbehandler: LFU

Utskrift til:

ORIENTERINGER

1. Detaljprosjektering av flerbrukshall Torpa v/Per Olav Bergli/Tom Stomlien

NORDRE LAND KOMMUNE, den 22. august 2016

Jarle Snekkestad
rådmann

Liv Furuseth

Lnr.: 10471/16
Arkivsaksnr.: 16/1572
Arkivnøkkel.: 033

Saksbehandler: LFU

Utskrift til:

DELEGERTE SAKER

15/3455	17.06.2016	DS 2/16	TDEI//AKH	611 &55
	Kim Bekkelund Granvang SØKNAD OM KJØP AV KOMMUNAL TOMT			
16/1273	20.07.2016	DS 3/16	TDEI//AKH	611
	Ulsaker & Gjeile Bygg AS KJØP AV NÆRINGSTOMT PÅ VINJARMOEN			

NORDRE LAND KOMMUNE, den 22. august 2016

Jarle Snekkestad
rådmann

Liv Furuseth

Lnr.: 10469/16
Arkivsaksnr.: 16/1571
Arkivnøkkel.: 140

Saksbehandler: BEO

Utskrift til:

PLANSTRATEGI

Sammendrag:

Kommunal planstrategi er ikke en plantype, men et hjelpemiddel for kommunen til å fastlegge det videre planarbeidet. Formålet er å sette fokus på de planoppgaver kommunen bør starte opp eller videreføre for å legge til rette for en positiv utvikling av og i kommunen.

Ved behandling skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres. Plan-og bygningsloven, kommuneplanens samfunnsdel og handlings og økonomiplan 2016-2019 er et godt grunnlag for utarbeidelse av planstrategien. De to sistnevnte ressursene inneholder drøftinger rundt kommunens mål og strategiske valg og vurderinger knyttet til kommunens planbehov i valgperioden.

Rådmannen ønsker innspill på om det er nye utviklingstrekk eller om det er endring i planstrategi 2012-2016 som gjør at det er behov for å inkludere/endre politikk utover det som allerede er nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel. Denne planen må også evalueres for å se hvordan den har fungert i den administrative og politisk styringsverktøy.

Vedlegg:

Ingen

Andre saksdokumenter (ikke vedlagt):

Ingen

Saksopplysninger:

Det er i kommuneplanen nye mål og strategier skal behandles og vedtas og ikke i den kommunale planstrategien. Dette skillet er viktig blant annet fordi kommuneplanprosessen har helt andre krav til medvirkning, samråd og høring/offentlig ettersyn enn planstrategiarbeidet. Det er ikke intensjonen at planstrategiarbeidet skal erstatte eller «tømme» kommuneplanprosessen for innhold.

En viktig del av grunnlaget for å vurdere om kommuneplanen skal revideres vil være erfaringene med gjeldende kommuneplan, utviklingstrekkene framover og de utfordringene kommunen har som samfunn og organisasjon, samt i hvilken grad det nye kommunestyret ønsker en ny eller endret politikk for kommunen.

I de politiske diskusjonene om hvorvidt og i hvilken grad kommuneplanen skal revideres vil planbehovet kunne avgrensnes til særskilte tema eller satsingsområder. Eksempelvis vil et nytt kommunestyre kunne ønske endringer i kommunens næringspolitikk, miljøpolitikk eller flyktnings situasjonen, sammenlignet med gjeldende kommuneplan. Det kan også være ønske om å legge større vekt på nye satsingsområder som for eksempel folkehelse. Øvrige deler av kommuneplanen kan det være ønskelig å videreføre uten vesentlige endringer.

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging skal legges til grunn i arbeidet med planstrategi.

Følgende prioriteres i inneværende periode:

- Gode og effektive planprosesser
- Bærekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlige by- og tettstedsområder

Vurdering:

Det vil på dette stadiet i denne prosessen være viktig at formannskapet gir innspill på politiske føringer for denne perioden. Planstrategien vil bestå av to deler, en analyse av viktige prioriterte områder, og en planoversikt. Nye utviklingsområder, eller andre satsingsområder som ikke er beskrevet i den nåværende kommuneplanens samfunnsdel må vurderes inn i planstrategien.

Det må sammenfattes en oversikt over planer/ og planbehov i denne strategien. Den som inngår i den forrige planstrategien er utdatert, og må revideres. Det er viktig at formannskapet gjør en vurdering av dette på et senere tidspunkt i prosessen. Rådmannen jobber nå med sine ledere for å kvalitetssikre denne oversikten.

Erfaringene med (eller evaluering av) hvordan gjeldende kommuneplan har virket bør inngå som en del av grunnlaget for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Vurderingene vil omfatte to adskilte tema:

- Hvordan kommuneplanen har virket som politisk og administrativt styringsverktøy
- I hvilken grad utviklingen har gått i den retningen som var trukket opp i mål og føringer i gjeldende kommuneplan.

Summen av disse tre avsnittene vil være utgangspunkt for formannskapet diskusjon om innholdet i planstrategien. Saken legges frem uten innstilling.

Administrasjonens innstilling:

Rådmannen vil råde formannskapet å fatte slikt vedtak:

Saken legges frem uten innstilling

NORDRE LAND KOMMUNE, 22.08.16.

Jarle Snekkestad
Rådmann

Bente Øverby
Kommunalsjef,

Lnr.: 9231/16
Arkivsaksnr.: 16/1360
Arkivnøkkel.: 026 &63

Saksbehandler: JSN

Utskrift til:

PROSJEKT OM SAMARBEID MELLOM OFFENTLIG OG PRIVAT SEKTOR OM VELFERDSTJENSTER (CONNECTED LIVING)

Vedlegg:

1. Forprosjektrapport om samarbeid mellom offentlig og privat sektor om velferdstenester (Connected Living)
2. Hovudprosjekt om offentlig og privat samarbeid om velferdstenester (Connected Living) – utkast til prosjektplan

Andre saksdokumenter (ikke vedlagt):

Ingen

Saksopplysninger:

I forbindelse med oppstart av kommunereformarbeidet i Oppland tok fylkesmannen initiativet til etablering av en nasjonal pilot. Bakgrunn for piloten var å nytte kompetanse og erfaring fra næringsliv og forskingsmiljø i reformarbeidet. Piloten ble organisert i fire delprosjekter der det ene var i Gjøvikregionen. I delprosjektet i Gjøvikregionen ble målsetningene for Connected Living tatt inn. Det er en velferdspilot som handler om kommunale velferdstjenester.

Utgangspunktet for prosjektet Connected Living er de store demografiske utfordringene i vårt land. De eldste aldersgruppene øker kraftig mens de yngre er mer stabile. For Gjøvikregionen viser framskriving av folketallet at gruppa 80 år og eldre langt på veg dobler seg fram til 2040 mens veksten i gruppa yrkesaktive 20 – 66 år derimot er svært beskjeden. I 2015 er det 3,5 yrkesaktive (20-66 år) pr eldre (67 år +) og i 2040 er forholdet redusert til 2,3. Samtidig skjer det ei sentralisering som forsterker «underbemanningen» i distriktene. Når vi holder dette opp mot ei generell svakere økonomisk utvikling og store pensjonsutbetalinger, kan kommunesektorens evne til å løse nye oppgaver bli krevende.

Connected Living peker på at det må utvikles løsninger som reduserer presset på de offentlige tjenestene. Nye løsninger er ikke bare et ansvar for offentlig sektor, men handler like mye om hvordan markedet kan utvikle boligløsninger og produkter så folk kan være

selvhjulpne og bo lengst mulig hjemme. Løsningene må derfor utvikles i et tett samarbeid mellom næringsliv og offentlig sektor, og både eksisterende og ny kunnskap på tvers av mange fagområder må nyttes.

Det er gjennomført et forprosjekt som ble avsluttet i mai/juni 2016. Forprosjektet hadde tre delmål:

- a) Foreslå samarbeidsmodell mellom kommune(-er), næringsliv og forskning for å sikre kompetanse i samfunnsplanlegginga i regionen.
- b) Identifisere/ finne 1 – 3 «skarpe case» eller eksempel på helse- og trivselsskapende løsninger der folk kan greie seg selv lengst mulig med egen hjelp.
- c) Initiere og utvikle ei næringsklynge i regionen.

Kommunene har gitt uttrykk for at det vil være mest naturlig å knytte en samarbeidsmodell opp mot eksempel/ case i egen kommune. Dermed er det framdrifta i disse eksemplene som legger føring for etablering av samarbeidsmodellene. Mange vil nok meine at kommunene, som lokalsamfunnsutvikler, likevel har ansvar for slikt samarbeid.

Følgende «skarpe case» eller eksempel er spilt inn fra kommunene i forprosjektet:

- Sentrumsområde i Raufoss
- Klinikken i Hov
- Kapp bu- og servicesenter
- Farverikvartalet i Gjøvik
- Velferdsteknologi i Nordre Land

Alle eksemplene passer inn i Connected Living-tankegangen, men viser at alle «skarpe case» krever videre planlegging før eventuell oppstart. Sentrumsområde i Raufoss og Klinikken i Hov er de to eksemplene som det ved avslutningen av forprosjektet var mest aktivitet rundt. Det generelle inntrykket var at det kunne vært sterkere engasjement rundt eksemplene. Kommunene har store utfordringer med å møte den kommende eldrebølga. Kanskje kan grupper med venner, familier og naboer engasjeres til å komme med spennende løsninger?

Det har ikke vært noe engasjement for å dra i gang utviklingsarbeid om nye boformer og boligløsninger. Dermed er det heller ikke grunnlag for etablering av næringsklynger før problemstillingene rundt eldrebølga kommer høyere på den kommunalpolitiske dagsorden. I forprosjektrapporten ble det trukket følgende konklusjon:

Utfordringane med eldrebølga som ventar oss om ti års tid er store. Det kan derfor vera grunn til å stille spørsmål om vi er godt nok førebudd til å møte denne utfordringa? Mykje tyder på at vi ikke er det – vi har det så greitt i dag!

Kva gjer vi når vi blir 50 % fleire eldre samtidig som kommuneøkonomien kanskje er redusert med 10 %? Skal vi møte denne utfordringa må vi byrje å førebu oss i dag. Det handlar om å utvikle gode bumiljø i en framtidsretta samfunnsstruktur. Da bør nettopp trekantsamarbeidet kommune, næringsliv og forskning vera interessant og opne for nye, spennande løysingar.

Styringsgruppa for forprosjektet har foreslått at en går vidare med arbeidet i et hovedprosjekt. Dette er også støtta av fylkesmannen (som finansierer arbeidet), ordførerne og rådmennene i regionen. I vedlagt utkast til prosjektplan foreslås et hovedprosjekt for en toårs periode.

Visjonen for hovedprosjektet er at kommunene i Gjøvikregionen skal framstå som foregangskommuner gjennom god samfunnsplanlegging og utvikling av gode bomiljø der folk er selvhjulpne. Visjonen skal være nedfelt i kommunenes planstrategier og aktuelle planer, og det skal etableres et plansamarbeid mellom næringsliv, forskningsmiljø, kommune og andre offentlige instanser.

Hovedmålet er å utvikle god folkehelse gjennom nye løsninger for gode lokalsamfunn og bomiljø med boligtyper og produkter der generasjonene bor om hverandre, har gode møteplasser og greier seg selv lengst mulig i sine egne hjem og på den måten reduserer presset på offentlige tjenester. Prosjektet skal være modelldannende og overførbart.

Det er satt opp flere delmål:

- lage en modell for Gjøvikregionen som skal beskrive elementer og prosess som må være på plass for å realisere hovedmålet
- etablere en felles planleggingsgruppe for regionen
- bruke eksemplene fra forprosjektet som referanseprosjekt
- identifisere om lov- og regelverk eller finansiering skaper vansker for løsninger
- etablere en næringsklynge
- identifisere behovet for ny kunnskap

Prosjektplanen understreker kommunenes aktive deltagelse i prosjektet. Hver kommune skal bl.a. definere en konkret stillingsressurs til arbeidet. Som suksessfaktorer pekes det på at deltagerne engasjerer seg i arbeidet og at det blir laga en god operativ planleggingsmodell som blir testa ut i første rekke av referanseprosjekta i kommunene. Det er tilsatt prosjektleder i 50 % stilling. Styringsgruppe og planleggingsgruppe er under etablering.

Vurdering:

Dette er et regionalt samarbeidsprosjekt, finansiert av fylkesmannen, med eksempelprosjekt i hver kommune. Eksempelprosjektet i Nordre Lands er velferdsteknologiprojektet innenfor omsorg. Erfaringene fra samtlige prosjekt, kan bidra til å gi innspill til hvordan kommunene kan håndtere den kommende demografiske utfordringen, nærmere bestemt en kraftig økende andel eldre, og hvordan denne gruppen kan bli mest mulig selvhjulpne. Utvikling av nærmiljøkvaliteter og bokvaliteter er et ledd i dette. I tillegg vil det kunne komme nyttige og viktige innspill til hvordan kommunene, innenfor ulike tjenester, kan møte denne utfordringen, innenfor trangere økonomiske rammer.

Rådmannen vil anbefale at Nordre Land kommune støtter opp om hovedprosjektet, og deltar i arbeidet sli det er lagt opp.

Administrasjonens innstilling:

Rådmannen vil råde formannskapet til å fatte slikt vedtak:

Nordre Land kommune støtter at det settes i gang et toårig prosjekt om samarbeid mellom offentlig og privat sektor om velferdstjenester som tar sikte på å redusere presset på offentlige tjenester.

NORDRE LAND KOMMUNE, den 8. juli 2016

Jarle Snekkestad
rådmann

31.05.16 NH

Forprosjektrapport om samarbeid mellom offentlig og privat sektor om velferdstenester (Connected Living)

1. Bakgrunn

I samband med oppstart av kommunereformarbeidet i Oppland tok fylkesmannen initiativet til etablering av ein nasjonal pilot. Bakgrunn for piloten var å nytte kompetanse og erfaring frå næringsliv og forskingsmiljø i reformarbeidet. Piloten vart organisert i fire delprosjekt der Gjøvikregionen var det eine. I delprosjektet i Gjøvikregionen vart målsetjingane for Connected Living teke inn. Det er ein velferdspilot som handlar om kommunale velferdstenester .

Utgangspunktet for Connected Living er dei store demografiske utfordringane vi møter i åra framover. Dei eldste aldersgruppene aukar kraftig medan dei yngre er meir stabile. For Gjøvikregionen syner framskriving av folketalet at gruppa 80 år og eldre langt på veg doblar seg fram til 2040 medan veksten i gruppa yrkesaktive 20 – 66 år derimot er svært beskjeden.

Connected Living peikar på at det må utviklast løysingar som reduserer presset på dei offentlege tenestene. Nye løysingar er ikkje berre eit ansvar for offentlig sektor, men handlar like mykje om korleis marknaden kan utvikle boligløysingar og produkt så folk kan vera sjølvhjelpne og bu lengst mogleg heime. Løysingane må derfor utviklast i eit tett samarbeid mellom næringsliv og offentlig sektor, og det må i større grad nyttast eksisterande og ny kunnskap på tvers av mange fagområde. HelseOmsorg21 peikar på potensialet i å utvikle ei «førebyggjande næring». (HelseOmsorg21 er ein nasjonal forskings- og innovasjonsstrategi der målet er å bidra til ei kunnskapsbasert helse- og omsorgsteneste kjenneteikna av kvalitet, pasienttryggleik og effektive tenester.)

Bygg21 konkluderer med at byggenæringa har for svak innovasjonstakt og må styrke konkurransekrafta gjennom blant anna å bruke forskingsbasert kunnskap og etablere

klyngesamarbeid. I tråd med trendutvikling i samfunnet elles, er det grunn til å rekne med at ein framtidig marknad vil etterspørje «helsebygg» i minst like stor grad som «energi- og miljøbygg» i dag. (Bygg21 er eit samarbeid mellom byggenæringa og styresmaktene for å heve byggenæringas innovasjonsevne, produktivitet, berekraft og evne til å dele kunnskap og erfaringer.)

2. Prosjektmål

Prosjektbeskrivinga byggjer på innspel frå tidlegare HiG, nå NTNU i Gjøvik, om utvikling av framtidens bumiljø og lokalsamfunn (Connected Living). I forprosjektet står at det innan 15. november 2015 skal utarbeidast ei analyse med tilrådingar om korleis ein skal få til auka vekst og utvikling gjennom eit samarbeid mellom offentleg og privat sektor om kommunale velferdstenester. Innan 1. mai 2016 skal det presenterast innhald til eit hovudprosjekt, som kan vera modelldannande og overførbart til heile landet. Ein skal bidra til eit klyngesamarbeid mellom bedrifter med tanke på å vidareutvikle konkurransekrafta og kompetansa deira samt leggje til rette for større verdiskaping. Parallelt må kommunane bidra som bestillar, tilretteleggjar og kravsetjar for å få realisert intensjonane i prosjektet. Det skal òg gjerast ei vurdering av i kor stor grad ein større region/ tettare samarbeid mellom kommunar kan vera med å løyse utfordringar og gje betre lønsemd av nye boligkompleks og byggmodellar. Det er trekt fram tre utviklingsområde som er viktig for å få dette til:

- Hjelpemidlar
- Det bygde miljøet (bygningar, hus og leilegheiter)
- Det fysiske miljøet (uteområde, infrastruktur, kollektivtransport)

Den overordna målsetjinga er:

- A. Samarbeid mellom kommune, næringsliv og forskingsmiljø (NTNU)
- B. Innovasjon
- C. Overføringsverdi

I forprosjektet er det formulert tre delmål:

- a) Foreslå samarbeidsmodell mellom kommune(-ar), næringsliv og forskingsmiljø for å sikre kompetanse i samfunnsplanlegginga i regionen.
- b) Identifisere/ finne 1 – 3 «skarpe case» eller eksempel på helse- og trivselskapande løysingar der folk kan greie seg sjølve lengst mogleg med eige hjelp.
- c) Initiere og utvikle ei næringsklynge i regionen.

3. Organisering

Deltakarar i prosjektet er kommunane i Gjøvikregionen (Gjøvik, Nordre Land, Søndre Land, Vestre Toten og Østre Toten), næringslivet i regionen og forskingsmiljøet på NTNU i Gjøvik (tidlegare HiG).

Prosjektet er organisert med ei styringsgruppe med representantar for kommunane, næringslivet og forskingsmiljøet i regionen. Styringsgruppa består av universitetslektor Astrid Stadheim og dekan Heidi Vifladt, både NTNU i Gjøvik, kommunalsjef Heidi K. Hagebakken, Gjøvik kommune (representant for kommunane), adm dir Helge J. Nakken, Miljøbygg (representant for næringslivet), regionsjef Tore Jan Killi, regionrådet i Gjøvikregionen og næringsjef Kai Glæserud, Næringsrådet i Gjøvikregionen, som òg er leder for styringsgruppa.


Seinare er det etablert ei referansegruppe med representantar for alle fem kommunane for å understreke at Connected Living skal vera eit prosjekt for heile regionen og kunne fange opp aktuelle problemstillingar i alle kommunane slik at desse kan bli vurdert i prosjektet. Det er samfunnsplanleggjarrolla, i ein eller annan funksjon, som er representert i referansegruppa. Gruppa består av arealplanleggar Espen Brustuen, Østre Toten, plan- og prosesskoordinator Bjørn Evensen, Gjøvik, kommunalsjef Pål Rønningen, Søndre Land, plan- og miljøvernrådsgjevar Eirik Røstadsand, Vestre Toten og rådmann Jarle Snekkestad, Nordre Land.

Prosjektleder er Nils Hesthagen i 50 % stilling. Han byrja i stillinga 1. oktober. Dei refererte datoane under prosjektmål må sjåast i samheng med tidspunktet for oppstart, som vart betydeleg seinare enn planlagt. Ei analyse, meir eller mindre med tilrådingar om å få til vekst og utvikling, vart lagt fram i eit notat til styringsgruppa 03.12.15. Det blir rekna med at forslaget til eit hovudprosjekt vil vera klart i løpet av mai 2016.

4. Analyse

4.1 Utviklingstrendar


Velferdstenestene i Norge og den vestlege verda står overfor svære utfordringar dei komande ti-åra. Dette har bl.a. samheng med den demografiske utviklinga med sterk vekst i den eldre delen av folket og svak vekst i den yrkesaktive delen.




Som vi ser av framskrivinga vil folkemengda i Gjøvikregionen vekse til nærare 80.000 innbyggjarar i 2040 eller med 13,6 % frå dagens nivå. Det er særleg to grupper som framskrivinga gjev grunn til å trekkje fram. Gruppa 80 år og eldre doblar seg langt på veg fram til 2040. Den andre gruppa er yrkesaktive 20 – 66 år. Her ser vi at veksten er svært beskjeden. Ser vi på dei enkelte kommunane er bildet litt meir nyansert, men hovudtrekket er det same.

For dei yngste aldersgruppene har Gjøvik og Nordre Land dei mest positive prognosene. Søndre Land har negativ prognose. For den yrkesaktive delen av folket, 20 – 66 år, er det berre Gjøvik som har vekst av noko betydning, både Land-kommunane har negativ vekst. I aldersgruppa 67 – 79 år er veksten kraftig i alle kommunane, godt og vel 40 % i regionen. Aldersgruppa 80 år og eldre har den kraftigaste veksten med bortimot ei dobling. Søndre Land har meir enn ei dobling. Når vi samtidig ser at veksten i den yrkesaktive delen av folket er svært svak, blir ikkje utfordringa mindre. Det betyr færre yrkesaktive for kvar eldre eller for kvar pensjonist. I 2015 er det i Gjøvikregionen 3,5 yrkesaktive (20-66 år) pr eldre (67 år +) og i 2040 er forholdet redusert til 2,3.

Ser vi på heile fylket finn vi det same mønsteret. Det er litt svakare vekst i dei eldste aldersgruppene, særleg for 80 år og eldre.



Det same mønsteret ser vi for heile landet, men her er veksten sterkare for alle aldersgruppene. Dette betyr at korkje Oppland eller Gjøvikregionen får like mykje del i den samla veksten i landet som andre fylke og regionar. Samtidig er veksten i dei eldste aldersgruppene betydeleg kraftigare i heile landet enn i Oppland og Gjøvikregionen.



Til fleire eldre det blir til fleire vil vera potensielle mottakarar av offentlege tenester. Da blir spørsmålet korleis vi kan vente at offentlig sektor vil utvikle seg i tida framover og om sektoren vil greie å ta imot ei gruppe hjelpetrengande som er dobbelt så stor som i dag? Vi ser at veksten av yrkesaktive ikkje greier å halde tritt med veksten av eldre. Det betyr at det vil bli færre til å ta hand om den eldre aldersgruppa.

Korleis utviklar andre forhold seg i tida framover? Norge har gjennom fleire tiår fram til nå hatt ein eventyrleg økonomisk vekst år etter år. Nå ser ikkje framtidsutsiktene ut til å vera

like gode. Finanskrise og kraftig nedgang i oljeprisen har resultert i svakare økonomisk utvikling både nasjonalt og internasjonalt. Frå stadig fleire hald blir det spådd ei svakare utvikling og kanskje nedgang i økonomien framover. Det er derfor god grunn til å stille spørsmål om kommuneøkonomien i framtida vil halde seg på same, høge nivå som vi har vant oss til dei siste tiåra. I tillegg til myrkare skyer på den økonomiske himmelen, har kommunane store pensjonsplikter i åra framover. Generell svakare økonomisk utvikling og store pensjonsutbetalingar kan såleis kome til å gå hardt ut over evna til å løyse nye oppgaver.

Reduserte oljeprisar og tapte oljeinntekter betyr at det kan bli utfordrande å få meir friske oljepengar inn på Oljefondet. Tvert imot kan freistinga bli stor for å ta ut meir enn den årlege avkastinga (handlingsregelen). I alle fall vil reduserte inntekter for staten måtte kompenseras med andre inntekter eller så må utgiftene reduserast, noko som betyr mindre offentleg velferd til innbyggjarane. Til dømes blir det spådd at vi i framtida vil få høgare eigendel for dei offentlege tenestene og meir private helse- og omsorgstenester. Produktivitetskommissjonen har peika på at skatteprosenten kanskje må aukast frå dagens nivå på rundt 37 % til så mykje som 65 % for å finansiere framtidas velferdstenester. Det kan synast krevande å få aksept for ein så høg skatteprosent hjå innbyggjarane. I alle fall fortel det at vi i framtida må yte meir til fellesskapet for å få velferdstenester på dagens nivå. Her vil ulike modellar vera aktuelle. Eit innlysende alternativ er at kvar enkelt av oss må ta større ansvar for seg sjølv. Det betyr bl.a. å ta større ansvar for eigen alderdom.

Når den yrkesaktive delen av folket relativt sett blir mindre, blir det færre både til å utføre samfunnsoppgavene og færre til å finansiere dei. Samtidig får vi ei stadig større gruppe pensjonistar som framleis er spreke og arbeidsføre. Det vil vera ei stor utfordring å stimulere denne gruppa til å stå lenger i arbeid eller på annan måte vera samfunnsaktiv utover dagens pensjonsalder.

Samtidig med endringar i alderssamansetjinga i folket skjer det ei sentralisering. Folk flyttar frå utkantane til bygdesentra – det skjer òg i den eldre aldersgruppa. I tillegg flyttar folk frå distrikta til byane. Dette er ei utvikling som ikkje er særmerkt for vårt land. Urbaniseringa skjer over heile verda. For distriktskommunane både i Gjøvikregionen og andre delar av landet betyr det enda større utfordringar med å skaffe arbeidskraft til oppgaver i dei kommunale velferdstenestene.

I tida vi lever i er det dessutan store globale utfordringar som òg har betydning på lokalt nivå. Klimakrisa og behovet for «det grønne skiftet» er ei slik utfordring. Ein anna utfordring er flyktningekrisa som pregar Europa. Men i tillegg til den meir dagsaktuelle flyktningekrisa skjer ein global migrasjon. Dette treng ikkje berre by på utfordringar, men kan vera med å løyse noko av det arbeidskraftbehovet vi ser vil kome i vårt land.

Ei oppsummering av den utviklinga vi ser rundt oss må bli at det er store utfordringar framover. Det betyr at det er nødvendig å tenkje nytt og bl.a. utvikle løysingar som vil redusere presset på dei offentlege tenestene. Løysingane dreier seg sjølvstundt om nye måtar å yte tenester til hjelpetrengande på. Men ikkje berre det, løysingane bør samtidig handle om å utvikle lokalsamfunn, boligløysingar og produkt som kan fremme sjølvhjelpne liv for flest mogleg lengst mogleg. Løysingane må heller ikkje vera eit ansvar berre for offentleg sektor, men bør òg i stor grad utfordre privat sektor. Ikkje minst bør samarbeidet mellom offentleg og privat sektor utviklast, og gamal og ny kunnskap må møtast på tvers av fagområde og stimulere til innovative prosessar og nye løysingar. Det betyr at forskingsmiljøa må trekkjast aktivt inn i arbeidet.

Dessutan vil det vera nødvendig å drøfte tiltak som kan virke både på stutt og lang sikt. På stutt sikt vil det vera mest interessant å finne fram til konkrete løysingar som raskt kan prøvast ut og gje erfaringar, og som kan overførast til andre og skalerast opp. Målet i forprosjektet om utvikling og utprøving av eksempel («skarpe case») er nettopp døme på stuttsiktige tiltak.

På lenger sikt stiller utfordringane vi står framom spørsmål om heile samfunnsstrukturen vår. Norge er langstrakt og med busetjing spreidd over heile landet. Den kommunale heimetenesta møter dagleg dette busetjingsmønsteret på besøk hjå hjelpetrengande personar. Det kostar naturlegvis både tid og pengar å køyre alle grender og utkantar på kryss og tvers. Spørsmålet blir om det er mogleg å få til meir konsentrert utbygging og samtidig behalde det spreidde busetjingsmønsteret?

4.2 Framtidas bumiljø og lokalsamfunn

Framtidas bumiljø handlar om langt meir enn universelt utforma bustader som er laga for heile livsløpet. Det må òg inkludere smarthusteknologi for å gjera kommunikasjon med offentlege instansar, familie og venner enklare mogleg og situasjonen for den enkelte bebuar tryggast mogleg.

Er måten vi har organisert samfunnet på eigna til å møte dei utfordringane som vil kome? Når vi blir langt fleire eldre og kommuneøkonomien ser ut til å flate ut er det mykje som tydar på at vi i tida framover blir nøydd til å ta betre hand om oss sjølve. Det betyr samtidig å ta hand om kvarandre. Spørsmålet peikar på korleis vi bur og lever. Vi må sjå på om dagens buform legg til rette for at vi kan vera mest mogleg sjølvhjelpne. Særleg gjeld det etterkvart som vi blir eldre eller når funksjonsevna vår av ulike grunnar blir redusert.

Når nokon på eit tidspunkt får vanskar med å greie seg med eige hjelp kan ofte familie, naboar og venner bistå før det offentlege hjelpeapparatet må trå til. Føresetnaden for å kunne hjelpe er at vi må kjenne situasjonen til kvarandre. Da må vi lære kvarandre å kjenne, folk må møtast og ha sosial omgang.

Eit kjenneteikn ved dagens buformer er at det i liten grad er laga møteplassar. Det betyr at dei som bur i same bustadkompleks eller nabolag ofte får liten eller ingen kontakt med kvarandre. Dermed er det lite insitament til noko form for fellesskap og det blir eit dårleg grunnlag for å hjelpe kvarandre eller lage felles løysing når naboar opplever liknande behov.

Møteplassen i dag er i aukande grad på sosiale medium. Men her deltek ikkje alle, bl.a. vil mange eldre dette utanom. Det er heller ikkje ein møteplass i tradisjonell forstand der naboar faktisk møtest og med eigne augo kan sjå korleis andre har det. Dermed vil sosiale medium snarare vera til hinder enn til hjelp for å lære om kvarandres situasjon både psykisk og fysisk og få eit bilde på funksjonsivået.

Såleis vil det vera eit heilt anna grunnlag for å hjelpe kvarandre der det er laga fysiske møteplassar så folk kan møtast og bli kjent med kvarandre. Eit klassisk bilde på dagens bustadmiljø er blokker med nakne trappeoppgangar og korridorar utan møteplassar, og einbustader og villaer med separate innkøyringar og utan fellesareal. Skal vi greie å bli mest mogleg sjølvhjelpne lengst mogleg må bumiljøa derfor planleggjast slik at folk i same bustadkompleks eller nabolag får plassar dei kan møtast på. Folk må fyrst bli kjent med kvarandre for i neste omgang å kunne yte hjelp og organisere fellesløysingar.

Sjølv om bustader i dag stort sett blir planlagt med livsløpsstandard ser det ut til å vera utfordrande å få barnefamiliar interessert i leilegheiter i sentrumsområde. Trivsel er viktig for alle og nettopp nærleik til og samvær med born kan òg vera ein viktig faktor for at eldre folk kan trivast og bli buande lengst mogleg i heimane sine. Da må buformene gjerast attraktive for folk i alle livsfaser og det må planleggjast slik at alle generasjonane kan bu om kvarandre. Ikkje minst må det vera tenkt på kva som kan gjera eit bumiljø attraktivt for barnefamiliar.

Nettopp poenget med at det er viktig at ulike generasjonar bur om kvarandre peikar på at det ikkje berre er bustaden, huset eller leilegheita som har betydning. Det blir heilt avgjarande korleis området rundt, utemiljøet og infrastrukturen, er lagt til rette for så vel born som vaksne og eldre. Dette kan illustrerast med at gang- og sykkelvegen må kunne brukast både med trehjuls sykkel, rullski og rullator. Da blir utfordringa å finne løysingar som passar for alle så ein unngår interessekonflikter.

Dessutan må det vera leikeareal og boltre seg på for dei minste borna. For større born må det vera ballplassar, og for ungdom og vaksne må det vera lettvindt å kome seg ut på stiar og vegar til nærliggjande friområde. God folkehelse er avgjerande for at folk skal vera mest mogleg sjølvhjelpne livet ut, og det stiller krav til infrastruktur og uteområde.

I tillegg til dette vil nærleik til nødvendige tenestetilbod som butikkar, kollektive reisetilbod og ulike fritidstilbod vera viktig. For byar og sentrumsområde bør det ikkje vera så vanskeleg å ivareta slike omsyn, men kva med den desentraliserte busetjingsstrukturen som kjenneteiknar både Gjøvikregionen og landet elles?

Tette og desentraliserte busetjingsformer er ikkje noko nytt. Går vi attende i vår eige historie var klyngetunet ei velkjent busetjingsform. Ser vi utanom vårt eige land kjenner vi landsbystrukturen frå lenger sør i Europa, som òg er kjenneteikna av sosialt liv med felles samling og måltid i storfamilien, festivalar m.m. Klyngetunet var på same måten som landsbyen samtidig møteplass for folket her. Dette og andre døme både frå eige og andre land kan gje inspirasjon til å utvikle konsentrerte buformer over heile landet som samtidig ivaretek eit desentralisert busetjingsmønster. Eit «moderne» klyngetun kan like gjerne byggjast på bygda som i meir tettbygde strok. Det betyr at det må bli slutt på å bygge enkelthus som ligg heilt for seg sjølv med hundrevis meter, kanskje fleire kilometer, til næraste granne.

I dag skjer det ei sterk urbanisering over heile verda, òg i vårt eige land. Meir konsentrerte buformer kan seiast å vera i tråd med den urbane utviklinga som skjer rundt oss. Eller kanskje motsett? Etablering av mindre husklynger rundt om på bygdene kan kanskje vera med på å dempe den sentraliseringa som skjer.

Kommuneplanens arealdel er det overordna styringsdokumentet for arealbruken i kommunane. Her er alle utbyggingsområda med, inkludert område til bustadformål. I tillegg er det for det enkelte utbyggingsområde utarbeidd reguleringsplan som seier korleis området kan byggjast ut (utnyttingsgrad, bustadtyper, infrastruktur, --). Prosessen med utarbeiding av reguleringsplanen er avgjerande for dei føringane som blir lagt for utbygginga av eit område.

Den seinare tida har vore kjenneteikna av private utbyggingsområde og private reguleringsplanar. Dette betyr at det er private interesser som i stor grad har styrt arealbruken sjølv om det er kommunestyret som vedtek reguleringsplanane. Det ligg i sakens natur at private interesser vil vera meir prega av profittmotiv enn kommunale interesser. Dermed blir det mindre rom for meir samfunnsprega interesser.

Den sterke posisjonen som private reguleringsplanar har hatt i seinare tid har òg gått ut over både kapasiteten og kompetansen til reguleringsarbeid i kommunane. Resultatet er at mange kommunar har kome på etterskot i planlegging og regulering av boligområde. Skal Connected Living-konseptet vera grunnlag for utbygging av nye boligområde må kommunane leggje føringar for det. Da må kommunane ha kompetanse og kapasitet til å styre arealbruken.

4.3 Situasjonen i dag

Aktuelle prosjekt og eksempel kan handle om alt frå blokker til einestader med mellomliggjande variantar. Leilegheitene og boligane må ikkje berre vera universelt utforma men må òg liggje i forkant med sikte på å ta i bruk teknologiske hjelpemiddel av alle slag. Det vil vera alt frå låsesystem til alle slags sensorar til – you name it! Velferdsteknologien er i rask utvikling, det gjeld både teknologiske løysingar og det gjeld etiske og juridiske spørsmål rundt bruken av teknologiske hjelpemiddel som sensorar, GPS m.m.

Eit bustadkompleks må leggje til rette for aktivitet mellom hus og blokker, og unngå at område blir liggjande livlause. Det er nødvendig å skape gode opphaldsplassar lokalt i og rundt hus og blokker som legg til rette for gode sosiale treffpunkt. Dette gjeld oppgangar og korridorar i blokkene og det gjeld korleis gatestruktur og grøntstruktur blir utforma og bunde saman med området rundt. Blokker gjer det mogleg å byggje takterrassar, som òg vil kunne vera gode møteplassar. Ei slik løysing vil måtte kome i staden for private takterrassar. Tradisjonelle terrasser kan inngå som ein del av planløysinga for leilegheitene på det enkelte etasjeplan, og det kan gjera det meir interessant å lage takterrassar som fellesareal for heile blokka.

Rombehovet folk har vil variere med livsfaser. I ein familie der ungane har flytta ut vil noko av rombehovet ikkje lenger vera av permanent karakter, t.d. ekstra gjesterom, større opphaldsrom eller stover. I ei bustadblokk eller eit anna bustadkompleks med definerte fellesfunksjonar bør det vera mogleg å lage fellesrom eller utleigerom for å dekkje meir temporære behov.

I dag ser vi òg at det er aktuelt med oppsøkjande tenestetilbod, t.d. fysikalsk behandling, kroppspleie, frisør m.m. Dette stiller krav til utforming av nye hus og leilegheiter. Kanskje kan eit alternativ vera å lage fellesrom for å dekkje slike behov?

Når det i dag blir planlagt hus og leilegheiter blir det så langt det er mogleg tenkt heile livsløpet. I eit bustadkompleks med definerte fellesfunksjonar kan ein sjå for seg at det er mogleg å tenkje dette på nye måtar slik at det er ulike leilegheiter/ hus som er planlagt for ulike livsfaser. Kanskje kan ein bytte leilegheit/ hus ved overgang til ei ny livsfase? Eller kan ein kjøpe leilegheit/ hus med bytterett til anna leilegheit/ hus som er planlagt for ei anna livsfase?

Korleis fellesareal og fellesrom kan finansierast er eit sentralt spørsmål. Det er både ein investeringskostnad og ein driftskostnad som må handterast. Kanskje kan eventuelle behandlingsrom gjelde fleire enn berre dei som bur i blokka eller bustadkomplekset? Og kanskje kan slike fasilitetar òg vera eit ansvar for aktuelle fagmiljø, offentlege eller private?

Kor stor interessa eller marknaden i Gjøvikregionen er for husvære etter Connected Living-konseptet veit vi mindre om. Samtidig er dette eit sentralt spørsmål for å utvikle tilbodet av slike boligar. I tillegg til å analysere behovet ut frå framskriving av folketal, den teknologiske utviklinga m.m., kan liknande prosjekt andre stader eller marknadsundersøkingar gje eit bilde på interessa. Boligmarknaden er stort sett privat i vårt land. Norge er kjent for at folk eig husværet sitt, i motsetning til mange andre land der folk i stor grad leiger. Kanskje ville det vera enklare å lage husvære etter Connected Living-konseptet dersom det vart større interesse for å leige bustad? Alt tyder på at utvikling av ein leigemarknad vil kreve ei betydeleg haldningsendring blant nordmenn.


Det finst fleire døme på boligprosjekt både i Gjøvikregionen, Mjøsområdet og andre plassar som har element i seg som passar inn i Connected Living-konseptet. I tillegg er det fleire fagmiljø som arbeider med å utvikle konseptet.

Om det ikkje er nokon eintydig definisjon av Connected Living-konseptet, må aktuelle prosjekt i alle fall ha i seg element av teknologiske løysingar, vera bygningsmessig tilpassa og ha ein infrastruktur som svarar på korleis folk kan greie seg lengst mogleg utan hjelp frå det offentlege tenesteapparatet – vera sjølvhjelpne. Her vil møte- og opphaldsplassar òg høyre med. Dessutan vil løysingar for ulike generasjonar og livsfaser, inklusive temporære rombehov, vera aktuelle element.

Eit forhold som kan vera ei utfordring for å få til skreddarsydde bustader er lov om offentlege innkjøp (anskaffelser). Denne lova betyr at ein kommune eller annan offentlig instans ikkje kan gå direkte til ein bestemt leverandør for å få skreddarsaum. Det må utlysast konkurranse om å levere tilbod på bustaden. Da vil bestillerkompetanse vera heilt sentral for å vera sikker på å få leveransa i samsvar med dei idéar som er utgangspunktet for bestillinga. På den andre sida vil ei konkurranse som regel gje fleire forslag og dermed fleire løysingar.

Eit anna forhold er ulike krav i byggesaksforskrifta som anten kan setja grenser for spennande løysingsforslag eller føre til at løysingane blir svært kostbare. Både delar vil på kvar sin måte setja grenser for prosjekt som det elles kunne vera stor interesse for.

Det vil i alle fall vera viktig å kome tidleg inn i eit prosjekt før kostnadene har vorte for store dersom det skal vera mogleg å påverke det. Jf. figuren under:



Skal det utviklast bumiljø og lokalsamfunnstiltak i tråd med Connected Living-konseptet må kommunane leggje føringar for framtidig bumiljø og boligtilbod. Det er naturleg at profesjonelle utbyggjarar blir utfordra til å utvikle gode løysingar på framtidige bumiljø. I tillegg bør enkeltpersonar og grupper utfordrast til å lage framtidsretta boligløysingar. Kanskje er det nettopp grupper av venner, naboar og familiar som kan vera med å tenkje ut løysingar som både vil vera aktuelle for seg og dessutan inspirere fleire til å utvikle andre

løysingar. Da må kommunane definere tomteområde som interesserte grupper kan få tilbod om.

Det er nettopp når det gjeld utvikling av nye løysingar av lokalsamfunn, infrastruktur, bumiljø og bruk av teknologi at trekantsamarbeidet mellom kommune, næringsliv og forskning er spennande. Kopling og samvirke mellom desse aktørane er eit viktig grep for å utvikle ein framtidretta og god samfunnsstruktur.

5. Resultat

Det er formulert tre delmål for forprosjektet. I det følgjande blir det oppsummert kva som er oppnådd innan dei områda som handlar om delmåla.

5.1. Samarbeidsmodellar

Det har vore fleire møte med aktuelle samarbeidspartnarar og aktørar for å informere om og diskutere korleis dei kan kome i inngrep med prosjektet. Møta har teke utgangspunkt i utfordringar og moglegheiter som blir trekt fram i prosjektet. Særleg har det vore synt til dei demografiske og økonomiske utfordringane som kommunane vil møte dei neste tiåra. Kommunane har vore utfordra på løysingar som kan møte den framtidige situasjonen og om dei har prosjekt som kan være aktuelle eksempel/ case i Connected Living-tanakesettet. Tilsvarande er det i møta med NTNU i Gjøvik, tidlegare HiG, og arkitektfirma diskutert korleis desse fagmiljøa kan koplast inn i prosjektet.

Under følgjer ei oppstilling over kven det har vore møte med:

- Søndre Land: ordfører, rådmann, eigedomsavdeling og private næringsaktørar.
- Vestre Toten: planavdeling og eigedomsavdeling.
- Østre Toten: ordfører, rådmann, samfunns- og planavdeling og helse- og omsorgsavdeling.
- Nordre Land: rådmann, pleie- og omsorgsavdeling og private næringsaktørar.
- Gjøvik: helse- og omsorgsavdeling, eigedomsavdeling og samfunns- og planavdeling.
- ORM (ordfører-rådmannsmøte i Gjøvikregionen)
- Oppland fylkeskommune: plan- og miljøavdeling
- HiG avdeling for helse, omsorg og sjukepleie (HOS).
- HiG avdeling for teknolog, økonomi og ledelse (TØL).
- Arkitektfirma Kontur.
- Arkitektfirma JAF.
- Miljøbygg
- Syljuåsen
- EvryCare

- Ø. M. Fjeld
- GOBB
- Gjøvik eiendomsselskap

Oppsummering

Når det gjeld aktuelle samarbeidsmodellar mellom kommune, næringsliv og forskingsmiljø har kommunane gjeve uttrykk for at det vil vera mest naturleg å knyte ein slik modell opp mot eksempel/ case i eigen kommune. I praksis betyr det at det er framdrifta i desse eksempla som legg føring for etablering av samarbeidsmodellane.

I utgangspunktet er det ikkje definert kven som skal ta initiativ til å lage ein samarbeidsmodell og da blir det lett slik at alle ventar på alle. Ansvaret burde i utgangspunktet vore plassert hjå ein av samarbeidspartnarane. Mange vil nok meine at det er kommunane, som lokalsamfunnsutviklar, som må ta initiativet!

5.2. Eksempel – «skarpe case»

Sentrumsområde i Raufoss

Vestre Toten fekk seinhausten 2013 laga eit skisseprosjekt som delprosjekt i eit større stedsutviklingsprosjekt for Raufoss sentrum. Delprosjektet omfatta Rådhuskvartalet med omkringliggjande areal. Kommunen er grunneigar i heile området.

Målet med delprosjektet er å utarbeide ein heilheitleg plan for området. Det er bl.a. ynskje om bustadbygging med høg utnytting og etablering av verksemd(er) som skal skape aktivitet i området utan å vera svært trafikkskapande. Det er lista opp mange moment som skal vektleggjast i prosjektet. Meininga med delprosjektet er at det skulle vera så konkret at det kan danne grunnlag for vidare arbeid med reguleringsplanen. I tillegg er det forslag om å supplere grunnlaget med inspirasjon frå Connected Living-konseptet.

Reguleringsplanarbeidet har nyleg starta opp. Kommunen ynskjer å etablere eit samarbeid/ ein dialog om prosjektet med næringsaktørar på Raufoss. Det er òg aktuelt å kople reguleringsplanarbeidet mot forskingsmiljøet på NTNU i Gjøvik for å få innspel til arbeidet.

Klinikken i Hov

Klinikken i Hov vart i 2015 kjøpt av Hov utvikling, som er eit privat selskap som ynskjer å utvikle eigedommen kommersielt i samråd med Søndre land kommune. Eigedommen ligg i sørhelling nær inntil Hov sentrum og består av ei betydeleg bygningsmasse som frå tidleg på 1900-talet var etablert for institusjonsdrift (sjukehus i starten). Her er spisesal, møterom, aktivitetsrom, klasserom, gymsal m.m.

Spørsmålet er kva for andre formål ei slik bygningsmasse for institusjonsdrift kan brukast til. Eigedomen er ei tomt på bortimot 30 dekar som kan vera aktuell for boligbygging. Det kan vera aktuelt å byggje om hovudbygningen med leilegheiter og eventuelt etablere ny bustadmasse som kan utviklast med nye boligløysingar. I eit slikt boligkonsept kan det vera eit alternativ å bruke delar av eksisterande bygningsmasse til ulike fellesfunksjonar som på den måten kan bidra til at folk er sjølvhjelpne lengst mogleg og greier seg utan hjelp av det kommunale tenesteapparatet.

Planlegging for korleis Klinikken kan utviklast er i gang. Det er etablert eit samarbeid mellom eigar, arkitekt og Søndre Land kommune. Formålet er å finne ut korleis eksisterande bygningsmasse kan byggjast om til leilegheiter. Det er sett i gang med utarbeiding av skisseprosjekt og prospekt for å undersøkje marknaden for ulike boligløysingar i den gamle hovudbygningen.

